



Fylkesmannen i Rogaland

GANGSTØ TRANSPORT AS  
Vikevegen 1002  
5568 Vikebygd

Stavanger, 3. august 2018

Dykkar ref.:  
Kjell Erik Gangstø

Vår ref.(oppgi ved svar):  
2018/6658

Sakshandsamar:  
Kirsten Allred

## Inspeksjonsrapport: Inspeksjon ved Gangstø Transport Kontrollnummer: 2018.048.I.FMRO

### Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

*Frå verksemda:*  
Kjell Erik Gangstø

*Frå Fylkesmannen i Rogaland:*  
Kirsten Allred

*Andre deltakarar frå Fylkesmannen i  
Rogaland:*  
Margareta Skog

### Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Gangstø Transport AS den 27.06.2018. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Rogaland avdekka 2 avvik og ga ingen merknader under inspeksjonen. Fylkesmannen ser alvorleg på avvik 1. Rydding av område var ei føresetnad for løyvet.

#### Avvik 1:

- Verksemda lagrar avfall på områder som ikkje er omfatta av løyvet

#### Avvik 2:

- Verksemda overskrid mengdeavgrensinga for samtidig lagra avfall

#### Merknader:

- Det vart ikkje gitt merknader under inspeksjonen.

Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 4 og utover i rapporten.

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

**Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift**

	Kirsten Allred	Marit Sundsvik Bendixen
dato	kontrollør	ass fylkesmiljøvernsjef
	Fylkesmannen i Rogaland	

Kopi av rapporten skal sendast til:

- Vindafjord kommune

# 1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

## Ansvarleg eining

<b>Namn:</b> GANGSTØ TRANSPORT AS	
<b>Organisasjonsnr.:</b> 972719536	<b>Eigd av:</b> 989113763
<b>Bransjenr. (NACE-kode):</b> 49.410 - Godstransport på vei	

## Kontrollert eining

<b>Namn:</b> Gangstø Transport	<b>Anleggsnr.:</b> 1160.0094.01
<b>Kommune:</b> Vindafjord	<b>Fylke:</b> Rogaland
<b>Anleggsaktivitet:</b> Avfall - mottak, mellomlagring og	
<b>Løyve gitt:</b> 23.06.2017	<b>Sist endra:</b>

# 2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i ureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen er ein del av Fylkesmannen sitt risikobaserte industritilsyn for i år.

Tilsynet ble gjennomført i medhald av ureiningslova § 48.

## Inspeksjonstema

- Løyvet

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

## Definisjonar

**Avvik:** Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

**Merknad:** Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

**Andre tilhøve:** Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

# 3. Oppfølging etter inspeksjonen

Gangstø Transport pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må ein få stadfesta at avvika er retta opp i.

Fylkesmannen vil gjennomføre ny kontroll den 4. oktober 2018 for å verifisere at områda har blitt rydda, og at verksemda har kontroll på kor mykje av dei ulike typane avfall som er inne på anlegget.

Vi ser alvorleg på avvik nr. 1 som vart avdekka i denne inspeksjonen. Gangstø Transport AS skulle ha fjerna avfall frå dei aktuelle områda seinast innan 1. januar 2018.

Ved kontrollen den 4. oktober 2018 vil vi og sjå nærare på andre krav i løyvet.

Vi ber om at de stiler eventuell e-post (fmropost@fylkesmannen.no) til Fylkesmannen i Rogaland v/Kirsten Allred.

#### **4. Varsel om tvangsmulkt for retting av avvik**

Fylkesmannen varslar at vi vil fatte vedtak om tvangsmulkt (*jf. ureiningslova § 73*) dersom avvika ikkje er retta innan 4. oktober 2018. Tvangsmulka vil bli vedtatt dersom vi ved kontrollen same dag ikkje kan sjå at avvika er retta.

Ei eventuell tvangsmulkt vil vere eit eingongsbeløp på kr 75 000,-.

De har høve til å kome med merknader til dette varselet. Eventuelle merknader må sendast til Fylkesmannen i Rogaland innan to veker etter at denne rapporten er motteken.

#### **5. Varsel om gebyr**

Fylkesmannen varslar at vi vil fatte vedtak om gebyr for den gjennomførde kontrollen. Gebyret skal dekkje kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll hjå verksemdar er fastsett i ureiningsforskrifta § 39-7 og 39-8. Vi varslar derfor at vi i medhald av forvaltningslova § 16, reknar med å fastsette gebyrsats 4 for tilsyn av inntil en dags varigheit. Dette betyr i så fall at dere skal betale kr. 10 300,- i gebyr for kontrollen.

De har høve til å kome med merknadar til dette varselet, jf. § 16 i forvaltningslova. Eventuelle merknader må sendast til Fylkesmannen i Rogaland innan to veker etter at denne rapporten er motteken.

#### **6. Innsyn**

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Rogaland (jf. offentleglova).

#### **7. Avvik**

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

##### **Avvik 1**

Verksemda lagrar avfall på områder som ikkje er omfatta av løyvet

**Avvik frå:**

Løyvet punkt 1.8 (Handtering av avfall), punkt 3.3 (Forsøpling) og punkt 1.4 (Mengde mellomagra avfall/lagringsavgrensing)

**Kommentarar:**

Løyvet til å ta imot, sortere, handtere og mellomagre plastavfall gjeld gardsnummer 332, bruksnumra 75 og 77. Det er berre på dette området verksemda kan drive.

Gangstø Transport har store mengder avfall lagra på gnr 332/bnr 72. Billedokumentasjon frå Vindafjord kommune viser at det per 28. april 2018 også var avfall lagra på gnr 332/bnr 38.

Dette avfallet må verksemda fjerne. Det skulle ha vore gjort seinast innan 1.1.2018, jf. vårt brev av 23.06.2017 (Vedtak om løyve etter forureiningslova til avfallsanlegg for mottak, mellomlagring og behandling av plast).

**Avvik 2**

Verksemda overskrid mengdeavgrensinga for samtidig lagra avfall

**Avvik frå:**

Løyvet punkt 1.4 (Mengde mellomagra avfall/lagringsavgrensing) og punkt 8.1 (Journalføring)

**Kommentarar:**

Gangstø Transport har i løyvet anledning til å samtidig lagre på anlegget inntil 700 tonn avfall. På kontrolldagen opplyste verksemda at det var ikkje meir enn 1000 tonn på anlegget. Av landbruksplast var det inne 270 tonn, mot 150 tonn som gitt i løyvet.

Verksemda kunne ikkje svare for kor mykje trosser som var inne på anlegget.

I løyvet er det eit krav at verksemda skal vite kor mykje avfall som er inne på anlegget ved å føre journal over kva mengder avfall som kjem inn på anlegget og kva mengder produkt og avfall som går ut av anlegget.

## 8. Merknader

Det vart ikkje gitt merknader under inspeksjonen.

## 9. Andre tilhøve

Slik løyvet per i dag er utforma, er dekk ein av fraksjonane verksemda ikkje kan ta imot. Som vist på bilde tatt av Vindafjord kommune i slutten av april 2018, ligg det ein stor haug med bildekk på gnr 332/bnr 38 (Dommersnes kai). Dersom Gangstø Transport ønskjer å ta imot og mellomagre bildekk, må verksemda søkje om endring i løyvet.

## **10. Dokumentunderlag**

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Løyve til verksemd etter ureiningslova frå Fylkesmannen